

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.02.2021

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvatningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Iril Schau Johansen foreslo at forvaltningsrevisjonen også bør innehalde noko om offentleg støtte og korleis oppfølging av grensene her vert ivareteke, ikkje minst når nokon får offentleg støtte frå fleire ulike hald. Utvalet slutta seg til dette og Deloitte noterte seg innspelet og lova å ta det med i revisjonen.

På bakgrunn som går fram over går punkt 2 i forslag til vedtak ut og 3 - 7 vert endra til punkt 2-6.

Med denne endringar vart slik vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, inkludert problemstilling 6, og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert problemstilling nr. 6.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ber Deloitte til neste møte legge fram ei oversikt over tilskotsordningar slik at utvalet kan vera med å vurdere kva ordningar som skal velgast i denne revisjonen.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av september 2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet 26.10.2021.
6. Revisjonsrapporten vert å levere sekretariatet innan 05.10.2021